

## MERKNADSKJEMA - OPPSTART PLANARBEID OG HØYRING PLANPROGRAM

|                |   |
|----------------|---|
| Plannamn:      | Områdereguleringsplan for Rutlin/Ulvahaugen |
| Arealplan-ID:  | 4640-2023001                                |
| Arkivsaknr.:   | <a href="#">2023/429</a>                    |
| Utarbeidd av:  | Sogndal kommune v/ Asplan Viak              |
| Sist revidert: | 22.05.23                                    |

Merknadsskjemaet er eit levande dokument, der framleggstillar sine kommentarar endrar seg i takt med planarbeidet. Merknadsskjemaet skal vera ferdig revidert og ligge som eit vedlegg til planframlegget når det vert levert til 1. gongs handsaming i kommunen.

**Mai/juni 2023:** Framleggstillar sine kommentarar er tilpassa handsaming og fastsetting av planprogrammet. Fleire av merknadane og uttalane omhandlar det vidare planarbeidet og fører ikkje til endringar i planprogrammet, desse merknadane/uttalane vil verta svara ut når planframlegget er klart. På noverande stadium er det berre teke stilling til kva som skal verta følgt opp eller vurdert i det framtidige planarbeidet og kva som fører til endring i planprogrammet.

| Nr.                      | Avsender   | Hovudpunkt i merknad/uttale   | Framleggstillar sin kommentar   |
|--------------------------|--|---|---|
| <b>Private merknadar</b> |  |   |   |
| 1                        | Jan Erik Weinbach og Marit Kristin Vik<br>Dato: 03.05.2023<br>Gnr/bnr: 21/57     | 1) Ønskjer at kommunen vurderer å ta inn deira tomt med inn i områdereguleringsplan for Rutlin/Ulvahaugen, slik at husa som ligg på den same gamle Dalavegen 7 tomta (Dalavegen 7A og Dalavegen 7) får same utnyttingsgrad som ny områdereguleringsplan for Rutlin/Ulvahaugen. Då vil begge husa, som ligg vegg i vegg og med same innkøyrslle vere i same reguleringsplan. | 1) Merknaden er teke til fylgje og plangrensa blir utvida slik at både Dalavegen 7A og Dalavegen 7 inngår i planområdet.<br><br><b>Merknaden fører til endringar i planprogrammet.</b><br>Plangrensa blir utvida slik at både Dalavegen 7A og Dalavegen 7 inngår i planområdet. |
| 2                        | Opplysningsvesenets fond<br>Dato: 03.04.2023<br>Gnr/bnr: 4640-21/1 og 4640-22/33 | Ingen merknadar ved oppstart, men ber om varsling ved kommande høyringar.   | Merknaden er teke til orientering, OVF blir varsla ved komande høyringar.<br><br><b>Merknaden fører ikkje til endringar i planprogrammet.</b>   |
| 3                        | Helse Førde<br>Dato: 03.05.2023<br>Gnr/bnr: 22/148                               | 1) Ynskjer omsynssone i området vest - nordvest, med omsyn til drifta av institusjonen.<br>2) Areal i vest vere naturleg areal for eventuell framtidig utbygging  | 1) Merknaden er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet.<br>2) Merknaden er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet   |

Merknadsskjema – oppsummering og kommentarer til mottekne merknadar og uttalar til oppstart av planarbeid

|   |  |  |   |
|---|--|--|---|
|   |  | <p>3) Ambulansestasjonen i Sogndal er lokalisert til Rutlin, og uttrykkingsveg er ikkje optimal med omsyn til beredskap. Uttrykking skjer 24/7, og støy frå denne aktiviteten må vere eit omsyn som ein må ha med i det vidare planarbeidet.</p> <p>4) Parkeringstilhøva er i dag ikkje tilfredsstillande, og framtidig plan må ta omsyn til at Helse Førde må ha nødvendig parkeringsdekning.</p>   | <p>3) Merknaden er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet</p> <p>4) Merknaden er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet.</p> <p><b>Merknaden fører ikkje til endringar i planprogrammet.</b></p>  |
| 4 | Kåre Johan Rutlin<br>Dato: 07.05.2023<br>Gnr/bnr: 22/4                               | <p>1) Hovudinnspel til områdeplanen er at gbnr. 22/4 vert regulert til landbruk. Formålet vil gje føreseielege rammer for vidare drift, og for neste generasjon.</p> <p>2) Neste generasjon ønsker å ta over garden og drive den vidare, som fruktgard og gjenopppta sauehald</p> <p>3) Matjord er ein viktig ressurs som er viktig å ta vare på i eit overordna perspektiv, og garden har stor verdi som landbrukseigedom og i eit berekraftsperspektiv. Det er og historisk viktig å ta vare på identiteten til Sogndal med vitnesbyrd om fruktgardane.</p> <p>4) Me vil generelt vere i mot at eigedomen vert regulert til andre føremål enn landbruk; og me vil særleg vere sterkt i mot regulering til offentlege reguleringsføremål som offentlege byggeområde, trafikkområde, friområde. Som alternativ til landbruk, ber me sekundært om at eigedomen vert teken ut av planområdet, og vert liggjande uregulert.</p> | <p>1) Merknaden er teke til orientering. Vurderingar av matjord kontra nedbygging er lagt til arealdelen til kommuneplanen. Område sett av til LNF-føremål i arealdelen legg til rette for bevaring av matjord, medan område sett av til sentrumsføremål i arealdelen opnar opp for utbygging og medfører tap av matjord. I gjeldande arealdel er området sett av til sentrumsføremål og i pågående revisjon av arealdelen vert det lagt opp til vidareføring av sentrumsføremål på Rutlin.</p> <p>2) Merknaden er teke til orientering.</p> <p>3) Merknaden er teke til orientering.</p> <p>4) Merknaden er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet.</p> <p><b>Merknaden fører ikkje til endringar i planprogrammet.</b></p> |
| 5 | Lars Arne Bakke og Ragnhild Pettersen<br>Dato: 07.05.2023<br>Gnr/bnr: 22/23 og 22/28 | <p>1) Eiendommen vår er stor nok til at det er rom for flere boenheter, og vi ønsker å bidra til fortetting og en mer effektiv utnyttelse av arealet. Med tanke på at huset vårt begynner å bli gammelt, mener vi det kan være fornuftig å tenke nytt om hele tomta og derfor legge til rette for en høyere utnyttelsesgrad enn hva gjeldende reguleringsplan tillater.</p> <p>2) Fortauet langs Dalavegen ved Sognekraftbygget er smalt, og vi håper det kan legges til rette for utvidelse av dette. Videre bør det legges bedre til rette for gående i krysset mellom Dalavegen og Ulvahaugen.</p>  | <p>1) Merknaden er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet.</p> <p>2) Merknaden er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet.</p> <p><b>Merknaden fører ikkje til endringar i planprogrammet.</b></p>   |
| 6 | Leif Henning Øyre<br>Dato: 05.05.2023<br>Gnr/bnr: 23/3                               | <p>1) Ber om at området, «Detaljreguleringsplan for Lunnamyri» - PlanID 1420-2015001, blir teke ut av området, då dette er eit nyleg regulert område (vedteken hausten 2018). Viktige element kommunen legg inn i planprogrammet for områdereguleringsplan Rutlin/Ulvahaugen, vart lagt inn i plangrepet for detaljreguleringsplanen for Lunnamyri.</p>  | <p>1) Merknaden er teke til orientering. Området blir ikkje teke ut av planområdet, men plangrepet i gjeldande reguleringsplan kan vidareførast i ny områdeplan. Vidareføringer av plangrep vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet.</p> <p>2) Merknaden er teke til orientering. Så lenge planarbeidet pågår kan ikkje Sogndal kommune stadfeste at planen ikkje vil få konsekvensar for vidare framdrift. Men det er lagt opp til og ynskje om god dialog underveis i planarbeidet.</p>   |

|                         |  |   |   |
|-------------------------|--|---|---|
|                         |  | <p>2) Dersom ein ikkje kan ta ut området, bes det om stadfesting på at arbeidet med områdeplanen ikkje vil få konsekvensar for vidare framdrift for utvikling og omfang utbygging av eigedommen.</p> <p>3) Ber om eit møte der ein diskutera prosessen for vidare for utbygging av eigedommen.</p>  | <p>3) Merknaden er tatt til fylge og planprogrammet blir endra slik at det under punktet «private eigedommar» (side 11) vert lagt inn at Leif Henning Øyre er ein av dei store grunneigarane i planområdet. Øyre blir invitert til møte/open kontordag tidleg i planprosessen.</p> <p><b>Merknaden fører til endringar i planprogrammet.</b></p> <p>I planprogrammet, under punktet «private eigedommar» (side 11), vert Leif Henning Øyre lagt inn som ein av dei store grunneigarane i planområdet</p>                          |
| 7                       | Vivi Ann Fedje Abelsen<br>Dato: 05.05.2023<br>Gnr/bnr: 22/112                      | <p>1) Ønsker å få kjøpt tilleggsareal vest for tomten inn mot friområdet til kommunen.</p> <p>2) I gjeldande reguleringsplan er dette regulert til bustadformål. Området blir pr i dag stelt og vedlikeholdt av oss.</p>   | <p>1) Merknaden er teke til orientering. Eit framtidig tilleggsareal til eigedomen vil vera avhengig av kva området blir regulert til i den kommande områdeplanen.</p> <p>2) Merknaden er teke til orientering.</p> <p><b>Merknaden fører ikkje til endringar i planprogrammet.</b></p>   |
| <b>Høyringsintansar</b> |  |   |   |
| 1                       | Sogndal eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne<br>Dato: 26.04.2023 | <p>1) Det er viktig å sikra at områdeplanar legg til rette for god universell utforming og slik sikrar tenlege bustadar og sentrumsnær tilkomst for alle funksjons- og aldersgrupper.</p> <p>2) Det er særleg behov for gode løysingar for rørsle- og orienteringshemma som treng kort gangavstand både til butikkar, skysstasjon, taxistasjon, kulturhus og andre sentrumsaktivitetar.</p> <p>3) For å sikre desse gruppene må det takast inn eit eige punkt i planen om universell utforming.</p> | <p>1) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet. Universell utforming er ivaretake i gjelande lovverk og vil bli vektlagt i planarbeidet.</p> <p>2) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet.</p> <p>3) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet. Universell utforming er ivaretake i gjelande lovverk og vil bli vektlagt i planarbeidet.</p> <p><b>Uttalen fører ikkje til endringar i planprogrammet.</b></p> |
| 2                       | Sogn brann og redning<br>Dato: 29.03.2023  | <p>1) Føreset at gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer vert lagt i grunn for arbeidet.</p> <p>2) Minner om tilstrekkeleg tilkomst for brannvesenet samt at det blir sørga for nok sløkkevatn, då områdeplanen skal ta sikte på å legge til rette for bustadområde med høg tettheit.</p>  | <p>1) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgd opp i områdereguleringsarbeidet.</p> <p>2) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgd opp i områdereguleringsarbeidet.</p>   |

|   |  |   |  |
|---|--|---|--|
|   |  | <p>3) Ber om orientering ved vidare planlegging og utbygging.</p> <p>4) <a href="https://www.sognbrann.no/getfile.php/5117839.2055.qjutkpubzsmawj/REV+aug 2022+Retningslinjer+for+tilrettelegging+for+rednings+og+slokemannskap+i+SBRIKS.pdf">https://www.sognbrann.no/getfile.php/5117839.2055.qjutkpubzsmawj/REV+aug 2022+Retningslinjer+for+tilrettelegging+for+rednings+og+slokemannskap+i+SBRIKS.pdf</a></p>   | <p>3) Merknaden er teke til orientering, SBR vil bli kontakta ved behov og elles varsla ved høyring og offentleg ettersyn.</p> <p><b>Uttalen fører ikkje til endringar i planprogrammet.</b></p>   |
| 3 | Vestland Fylkeskommune<br>Dato: 05.05.2023 | <p>1) Ein bør sjå moglegheitene for bruk og ombruk av det som allereie finst og allereie utbygde areal. Viktig å sjå på korleis ein kan bygge vidare på dei kvalitetane som finst knytt til blågrøne strukturar, kulturmiljø og kulturlandskap, og moglegheita for å bruke desse inn i utviklingskonsepta.</p> <p>2) Planprogrammet ikkje syner til, regional planstrategi, under regionale føringar. Denne skal ligge til grunn for kommunal planlegging i Vestland.</p> <p>3) Utgreiing:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Temaa klimatilpassing og klimagassutslepp bør vurderast og skildra planomtalen.</li> <li>• Konsekvensen av ein utbygging av dette området når det kjem til fordøyng og overvatn</li> </ul> <p>4) Medverknad: rår om medverknad også inn i stadanalysen før ein begynner å arbeide med utbyggingsalternativa. Lokalkunnskap bør ligge til grunn for utviklingskonsepta. Haugen Grendalag bør stå på lista over aktørar som skal varslast ved oppstart av planarbeid</p> <p>5) Stadanalyse:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• landskap og grønstruktur som premiss for arkitektur, bebyggelse og utbyggingsstrukturen, er viktig og VLFK rår difor å sjå desse to temaa i samanheng.</li> <li>• Bruke stadanalysen til å definere kva ein legg i fortetting med kvalitet i dette området</li> <li>• Framhevar viktigeita av temaa kulturminne og kulturmiljø, og undersøke korleis desse verdiane kan styrkast og byggast vidare på</li> <li>• Undersøke korleis ein kan få til overgangane mellom offentlege, semi-offentlege og private sonar</li> <li>• Stiar bør synleggjerast i plandokumenta</li> <li>• Freda kulturminne, kulturminne frå nyare tid og kulturlandskap må skildrast, og konfliktgraden ift ny utbygging må skildrast.</li> </ul> <p>6) Klima</p> | <p>1) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i stadanalysen og områdereguleringsarbeidet.</p> <p>2) Uttalen er teke til fylgle og «Utviklingsplan for Vestland 2020-2024» blir lagt inn i planprogrammet under «Regionale føringar» (side 24).</p> <p>3) Uttalen er teke til fylgle og planprogrammet blir supplert med nytt punkt «Klimatilpassing» under kapittel 5 «Tema som skal greast ut». Fylgjande tekst vert lagt inn:<br/><i>Klimatilpassing</i><br/><i>I planarbeidet skal ein avklare mogeleg flaum og skredfare, handsaming av overflatevatn, tilrettelegging for ladestruktur og føringar for materialbruk, energiløsingar og eventuelt byggtekniske løsingar for framtidige bygg.</i></p> <p>4) Uttalen er teke til orientering. Det vert ikkje lagt opp til medverknad i stadanalysen. Plan for medverknad legg opp til tideleg kartleggingsmøte med barn og unge og interne aktørar slik at lokalkunnskap ligg til grunn for utviklingskonsepta.<br/>Haugen Grendalag kan defineraast som «intern aktør» likt med Vestre Leite Grendelag . Begge grendalaga vert invitert til open kontordag (sjå plan for medverknad).</p> <p>5) Uttalen er teke til orientering. Stadanalysen skal gjera greie for landskap og grønstruktur og utbyggingsstruktur, samt kulturminne og kulturmiljø. Stadanalysen skal til slutt koma med ei samla tilråding for framtidig utvikling.</p> <p>6) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områdereguleringsarbeidet. Sjå elles kommentar 3) ovanfor.</p> <p>7) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områdereguleringsarbeidet.</p> <p>8) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områdereguleringsarbeidet. Uttalen fører ikkje til endringar i opplegg for stadanalysen.</p> <p>9) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områdereguleringsarbeidet. I planprogrammet vert kapittel 6 «Tema</p> |

|  |   |  |
|--|---|--|
|  | <ul style="list-style-type: none"> <li>• føresegna bør definere krav til materialbruk og energiløysingar i bygg</li> <li>• bør bli tilrettelagt for og sett krav til tilrettelegging for ladestruktur</li> <li>• bør settast krav til sykkelparkering under tak ved nye utbyggingsprosjekt</li> <li>• Rår til at potensiale for restaurering/reparering av elv/bekkar vert del av utgreiinga<br/>Eks. <a href="#">rettleiar for lokal overvasshandsaming</a> og <a href="#">Naturbaserte løysningar for klimatilpassing</a></li> </ul> <p>7) Tre viktige kartlagde friluftsområde: Haugen, Stier Rutlinslid-Åbergevegen og Rutlinslid.</p> <p>8) Barn og unges interesser bør vere enda tydelegare i stadanalysen og vidare planarbeid. Oppmodar om å sjå på å etablere gatetun med bilfrie soner. Det bør leggast til rette for uteophaldsareal som egner seg for alle aldra.</p> <p>9) Trafikk: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Trafikktryggleik må vere eit eige tema i planarbeidet</li> <li>• Må gjerast ein trafikkanalyse for å sjå på framtidig mengde trafikk på fylkesvegen m.m.</li> <li>• Kan vere aktuelt å stille rekkefølgjekrav for etablering av for etablering av naudsynste løysningar og knytt til framkommelighet på fylkesveg og mjuke trafikkantar</li> <li>• Kan vere aktuelt med krav om gjennomføringsavtale ved bygging av fortau m.m.</li> <li>• Dagens kryss mellom fv.5613 og kommunalveg 1501 har ikkje tilfredstillande utforming</li> </ul> </p> <p>10) Kollektiv: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Naudsynt å greie ut trafikksituasjonen som følgje av ny utbygging av området</li> </ul> </p> <p>11) Kulturminne: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Må kartlegge fornminne og bygningar /bygningsmiljø, tekniske kulturminne, steingardar, gamle ferdsselsårar, utmarksminne og andre kulturlandskapstrekk</li> <li>• Tiltakshavar (kommunen) bør gå i dialog med regionalt kulturminnemynde for å finne gode løysningar før planen vert lagt ut på høyring</li> <li>• Kulturminneverdiane må i planarbeidet omstala særskilt som eige tema</li> </ul> </p> | <p>som skal greiast ut» , punkt «trafikk» (side 15) supplert med eit nytt kulepunkt:<br/><i>Trafikkanalyse - analysen skal så lang som råd gje eit bilet av dagens trafikkmengd, framtidig trafikkmengd, skulevegar og trafikktryggleik.</i></p> <p>10) Uttalen er tatt til orientering og vil bli følgjt opp i områdereguleringsarbeidet.</p> <p>11) Uttalen er teke til orientering. Kulturminne vil bli følgjt opp i områdereguleringsarbeidet både som del av stadanalysen og elles omtala og vurdert i høve verknader av planframlegg i planomtalens. Dialog med kulturminnemynde skal vurderast fortløpende i planprosessen. Redaksjonell endring i planprogrammet under punkt «Arkeologi» (side 14), teksten endra til at det må pårekna arkeologiske undersøkingar.</p> <p><b>Uttalen fører til endringar i planprogrammet.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• «Utviklingsplan for Vestland 2020-2024» blir lagt inn i planprogrammet under «Regionale føringer» (side 24).</li> <li>• Planprogrammet blir supplert med nytt punkt «Klimatilpassing» under kapittel 5 «Tema som skal greiast ut». Fylgjande tekst vert lagt inn:<br/><i>Klimatilpassing</i><br/><i>I planarbeidet skal ein avklare mogeleg flaum og skredfare, handsaming av overflatevatn, tilrettelegging for ladestruktur og føringer for materialbruk, energiløysingar og eventuelt byggtekniske løysingar for framtidige bygg.</i><br/>I planprogrammet vert kapittel 6 «Tema som skal greiast ut» , punkt «trafikk» (side 15) supplert med eit nytt kulepunkt:<br/><i>Trafikkanalyse - analysen skal så lang som råd gje eit bilet av dagens trafikkmengd, framtidig trafikkmengd, skulevegar og trafikktryggleik.</i></li> <li>• Redaksjonell endring i planprogrammet under punkt «Arkeologi» (side 14). Teksten blir endra til at det må pårekna arkeologiske undersøkingar:<br/><i>Det må gjerast arkeologiske undersøkingar jf. undersøkingsplikta i § 9 i lov om kulturminne, som tilseier at ved større offentlege og private tiltak er tiltakshavar pliktig til å undersøke om planen/tiltaket kan råke automatisk freda kulturminne. Undersøkingsplikta må i disse områda oppfyllast på ein slik måte at kulturminneforvaltninga kan uttale seg til planen. Arkeologiske registreringar i slike område vil likevel vere noko avgrensa i omfang. Registreringsmetode vil være maskinell flateavdekking på dyrka mark og overflaterregistrering.</i></li> </ul> |
|--|---|--|

|   |  |   |  |
|---|--|---|--|
|   |  | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ein må avklare status på gravhaugen «Nosestehaugen», og sjå om restar av haugen er synleg i dag</li> <li>• Det er naudsynt med ei arkeologisk registrering. VLFK kan ikkje seie seg samd i arealbruken i områdereguleringsplanen før §9 i kulturminnelova er oppfylt for heile planområdet. Undersøkingsplikta i §9 må være oppfylt før planen kan vedtakast av kommunen.</li> </ul>   | <p><i>Undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova må vere oppfylt og naudsynt sakshandsaming gjennomført, før planen kan endeleg vedtakast av kommunen. (...)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Redaksjonell endring i planprogram under kapittel 5, "Born og unges interesser" (side 17)<br/><i>Det må gjerast ei vurdering av born og unge sine høve for framtidig bruk av området, og konsekvensar for barn og unge med tanke på trygg skuleveg, leik- og oppholdsareal ute. Det vil også vere viktig å sjå på moglegheita for formelle og uformelle møteplassar for ungdom og at uteområda egnar seg for alle aldra. I planarbeidet vil det vere viktig å sjå på om utbygging vil løyse ut behov for utvida kapasitet på barnehage i området.</i></li> </ul>   |
| 4 | NVE<br>(Norges vassdrags- og energidirektorat)<br>Dato: 05.05.2023 | <ol style="list-style-type: none"> <li>1) Planområdet ligg under marin grense. NVE rår oss til å nytte prosedyren i kapittel 3.2. i <a href="#">NVE rettleiar 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred»</a> så langt som det er naudsynt for å avklare faren for områdeskred av kvikkleire.</li> <li>2) Det er eit viktig prinsipp at avklaring av reell naturfare skal skje innan siste plannivå. Klarast går dette fram i <a href="#">KMD rundskriv H-5/18 «Samfunnsikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling»</a>. Det er skildra i planprogrammet at områdereguleringsplan for Nestangen skal legge til rette for vidare detaljregulering. Det vil seie at ein kan velje å utsette avklaring av reell fare på dette plannivået. NVE rår likevel til at skredfaren avklarast no i områdereguleringsplan nivået. Ein tidleg avkláring av om planområdet er skreditsett vil gjere planlegginga enklare, og ein kan oppnå ein meir heilskapleg samanheng i arealbruken.</li> <li>3) Dersom det er reell fare for skred, må det definerast faresonegrensar i medhald av tryggleikskrava til TEK17. Fareområder må innarbeidast som omsynsssonar i plankartet, med tilhøyrande planførersegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik.</li> <li>4) Kommunen må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE sin rettleiar <a href="#">2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»</a>. Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE har tilsendt planen ved offentleg ettersyn.</li> </ol> | <ol style="list-style-type: none"> <li>1) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områdereguleringsarbeidet. Fagkyndig geolog skal gjøre naudsynte vurderingar i form av ein skrivebordsundersøking. Dersom det blir naudsynt med geoteknisk grunnboring, vil dette bli eit krav i vidare detaljplanarbeid. Ulvahaugen AS har fått utarbeidd geologisk rapport for sitt område med tanke på utarbeiding av framtidig detaljregulering.</li> <li>2) Sjå punkt 1. I tillegg er det utarbeidd faresonekart for området, dette viser at det ikkje er reell skredfare i planområdet. Faresonekartet vil bli lagt til grunn i områdereguleringsarbeidet.</li> <li>3) Uttalen er teke til orientering. Sjå kommentar 2) ovanfor. Aktsemdkart viser at deler av planområdet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum, sjå kartutsnitt under. Dette må vurderast nærmere i det vidare planarbeidet.</li> </ol> |

|   |   |   |
|---|---|---|
|   |   | <p>4) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områdereguleringsarbeidet. NVE får planen tilsendt ved offentleg ettersyn.</p> <p><b>Uttalen fører ikkje til endringar i planprogrammet.</b></p>   |
| 5 | <p>Statsforvaltaren i Vestland<br/>Dato: 05.05.2023</p> | <p>1) Føreset at bustadbehovet vert tilstrekkeleg belyst, og at dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging 2019-2023 s. 29, om at kommunane skal ta bustadsosiale omsyn i planlegginga, vert lagt til grunn for dette planarbeidet i Sogndal sentrum.</p> <p>2) Vi gjer elles merksam på <a href="#">at lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet</a> trer i kraft frå 01.07.2023.</p> <p>3) Planforslaget må vise at krav til storleik og kvalitet på leike- og uteoppholdsareal vert ivaretake. Korleis trygg skuleveg skal sikrast for ungane i buområda må også vere eit tema i planomtalen. Vi viser til rettleiaren om barn og unge i plan- og byggjesak som kom 13.01.2020, og som viser korleis plan- og bygningslova kan vera med å sikre og skape gode oppvekstvilkår for barn og unge.</p> <p>4) Planarbeidet må gjere greie for korleis omsynet til universell utforming er ivaretatt.</p> <p>5) I den grad planen opnar for bygging på landbruksjord, ser vi det som viktig at det vert stilt krav om høg arealutnytting. I følgje Statsforvaltaren sitt brev til kommunane 07.06.22, 2022/7393 <i>Forvaltning av jordbruksareal i arealplanlegging og sakshandsaming, tilsvarer Sogndal sin relative del av nasjonal</i></p> <p>1) Uttalen er teke til orientering.</p> <p>2) Uttalen er teke til orientering. Områdereguleringsplanen skal legge til rette for ein variasjon i bustadar innanfor områdereguleringsplanen sine rammer. Planen vil derfor legge til rette for å kunne styre formålet i denne loven gjennom vidare detaljregulering og konkrete utbyggingsavtaler med bakgrunn i plan.</p> <p><b>§ 5. Ansvar for organisering og planlegging</b></p> <p>Kommunen skal i sitt arbeid på det boligsosiale feltet sørge for samarbeid på tvers av sektorer og samordning av sine tjenester. For øvrig skal kommunen samarbeide med andre offentlige aktører som kan bidra til arbeidet for vanskeligstilte på boligmarkedet.</p> <p>Kommunen skal ha en oversikt over behovet for både ordinære og tilpassede boliger for vanskeligstilte på boligmarkedet. Oversikten skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi etter <a href="#">plan- og bygningsloven § 10-1</a>. En drafting av kommunens boligsosiale arbeid bør inngå i strategien. Kommunen skal i sitt arbeid med <a href="#">kommuneplanen</a> etter <a href="#">plan- og bygningsloven kapittel 11</a> fastsette <a href="#">overordnede mål og strategier for det boligsosiale arbeidet</a>. Målene og strategiene skal være egnet til å møte de utfordringene kommunen står overfor med utgangspunkt i oversikten nevnt i første punktum.</p> <p>3) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områdereguleringsarbeidet.</p> <p>4) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områdereguleringsarbeidet.</p> |

|   |  |   |   |
|---|--|---|---|
|   |  | <p>jordvernål ei omdisponering av maksimum 10 daa/år, rekna etter kommunen sitt totale jordbruksareal, dersom ein skal bidra til å nå det nye, nasjonale jordvernålet på maks. 3.000 daa/år innan 2025. Sogndal har dei siste 7 åra ligge på bortimot det dobbelte av dette, og vil ha ei monaleg utfordring i å halde seg innanfor både nasjonale mål, og eigne mål om effektiv arealbruk i ny kommuneplan under utarbeiding.</p> <p>6) Det må gjennomførast ei vurdering av dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml.) §§ 8- 12, jf. nml. § 7. Utgreiingskrava til temaet naturmangfald må stå i forhold til omfanget av det planarbeidet legg opp til.</p> <p>7) Alle risiko- og sårbarheitstilhøve skal merkast med omsynsone på plankartet. Krav til risiko og/eller sårbarhetsreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.</p>  | <p>5) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områdereguleringsarbeidet.</p> <p>6) Uttalen er teke til orientering. I planomtalen skal dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova vurderast. Vurderingar blir gjort av fagkyndig biolog.</p> <p>7) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områdereguleringsarbeidet.</p> <p><b>Uttalen fører ikkje til endringar i planprogrammet.</b></p>   |
| 6 | Statens vegvesen<br>Dato: 03.05.2023                       | <p>1) I kapittel 6 i planprogrammet om trafikk, bør også trafikkmengd og trafikksikkerheit inngå blant tema som skal greiast ut. Vi vil rå til at det blir gjort ei trafikanalyse som ser på konsekvensane for trafikkmønster ved etablering av ny veg mellom Rutlinslid og Dalavegen.</p> <p>2) Det bør synleggjera korleis planen bidreg til målet frå samfunnssdelen om å redusere biltrafikk og legge til rette for gående og syklande. Skuleveg må også vurderast.</p> <p>3) Løysing for renovasjon, varelevering og snuplass for store køyretøy bør og vurderast i detalj, da dette er arealkrevjande. Gode og trafikksikre løysingar, spesielt for mjuke trafikantar i kombinasjon med store køyretøy i anleggsperioden bør vurderast.</p> <p>4) Vegnormal N100 gjeld for all offentleg veg. Vi legg til grunn at N100 blir følgt ved planlegging av ny veg/gate og kryss. Sikt og siktsoner må gå fram av planen. N100 gjeld og ved utbetring av eksisterande kryss og avkøyrslar. Eventuelle fråvik bør vere behandla før planen sendast på høyring.</p> <p>5) SSV legg til grunn at planen vil innehalde relevante rekkefølgjekrav som sikrar gjennomføring av trafikksikkerheitstiltak og opparbeidning av tilbod for mjuke trafikantar i samband med den utbygginga det blir lagt til rette for. For å sikre god tilkomst i anleggsperiode, bør det bli sett rekkefølgjekrav som sikrar opparbeidning av avkøyrslar, kryss og tilbod for mjuke trafikantar før anna byggearbeid blir sett i gang.</p> | <p>1) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områdereguleringsarbeidet. I planprogrammet vert kapittel 6 «Tema som skal greiast ut», punkt «trafikk» (side 15) supplert med eit nytt kulepunkt: <i>Trafikanalyse - analysen skal så lang som råd gje eit bilet av dagens trafikkmengd, framtidig trafikkmengd, skulevegar og trafikktryggleik.</i></p> <p>2) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områdereguleringsarbeidet.</p> <p>3) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områdereguleringsarbeidet.</p> <p>4) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områdereguleringsarbeidet.</p> <p>5) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områdereguleringsarbeidet.</p> <p><b>Uttalen fører til endringar i planprogrammet.</b></p> <p>I planprogrammet vert kapittel 6 «Tema som skal greiast ut», punkt «trafikk» (side 15) supplert med eit nytt kulepunkt:</p> <p><i>Trafikanalyse - analysen skal så lang som råd gje eit bilet av dagens trafikkmengd, framtidig trafikkmengd, skulevegar og trafikktryggleik.</i></p> |
| 7 | Miljøretta helsevern,<br>Sogndal kommune<br>Dato: 04.05.23 | <p>1) Det er viktig å ivareta og behalde dei to naturleikeplassane med nærmiljøanlegg (gamma og naturleikeplassen ved Rutlinsli)</p>  | <p>1) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områdereguleringsarbeidet. Naturleikeplassen ved Rutlinsli ligg i hovudsak utanfor planområdet.</p>  |

|   |  |   |  |
|---|--|---|--|
|   |  |  <ul style="list-style-type: none"> <li>2) Viktig å ta omsyn til plassering av bustadar nær desse nærmiljøanlegga, då det erfaringmessig kan bli konflikta mellom brukarar av slike anlegg og bebuarar i nærlieken årsaka støyande aktivitetar frå til dømes ballspel, musikk, skateanlegg etc</li> <li>3) Særdeles viktig at reguleringsbestemmelsane legg til grunn at Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, <a href="#">T-1442</a> skal følgast i bygge- og anleggsfasen.</li> <li>4) Viktig at det at det lagast ein plan for korleis ein skal sikre tilfredsstillande støyforhold for pasientar hjå Indre Sogn psykiatrisenter som er innlagde på institusjonen.</li> <li>5) Dersom jordbruksarealet skal nyttast til leikeplass ber vi om at det leggast inn krav i reguleringsbestemmingane at «Veileder for undersøkelse av jordforurensing i nye barnehager og leikeplasser <a href="#">TA-2261</a>» følgast.</li> <li>6) Det bør stillast krav om at vegnett, med nye eller forbetra fortau og sykkelvegar blir bygd før bustader og næringsverksemder får takast i bruk.</li> <li>7) Det bør vurderast om det er behov for å sette av areal til å bygge barnehage i planområdet.</li> <li>8) For å unngå bilkøyring i størst grad bør det settast av areal til næringsverksemder som matvareforetningar, frisørsalongar, etc. Det bør også vurderast å legge til rette for kollektivtransport i området.</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>2) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet.</li> <li>3) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet.</li> <li>4) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet.</li> <li>5) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet.</li> <li>6) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet.</li> <li>7) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet. I samband med stadanalysen skal det gjerast greie for kapasitet i nærliggande barnehagar og skule.</li> <li>8) Uttalen er teke til orientering. Målet med planen er å legge til rette for at området skal utvikle seg som ei bustadområde. Område er i gangavstand til sentrum. Det er opna opp for etablering av bustad tilknyttet næring. Dette vert følt opp i områdeplanarbeidet.</li> </ul> <p><b>Uttalen fører ikkje til endringar i planprogrammet.</b></p> |
| 8 | Mie Dahl Pind på vegne av Vestre Leite Grendalag<br>Dato: 07.05.2023 | <ul style="list-style-type: none"> <li>1) Vestre Leite Grendalaget er ansvarleg for drift og vedlikehald av nærmiljøanlegget/leikeplassen i Rutlinslid, og er ein viktig aktør i medverknadsprosessen.</li> <li>2) Vestre Leite Grendalag har satt i gang eit prosjekt for å leve ut potensialet til nærmiljøanlegget i Rutlinslid og løfte det til ein attraktiv møteplass for eigenorganisert aktivitet for barn, unge og voksne i nabolaget.</li> </ul>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>1) Uttalen er tatt til fylgje og Vestre Leite Grendelag vert definert som «intern aktør» og vert invitert til kartleggingsmøte med interne aktørar (side 11 i plan for medverknad).</li> <li>2) Uttalen er teke til orientering.</li> <li>3) Uttalen er teke til orientering.</li> <li>4) Uttalen er teke til orientering.</li> </ul>   |

Merknadsskjema – oppsummering og kommentarar til mottekne merknadar og uttalar til oppstart av planarbeid

|  |  |  |   |
|--|--|--|---|
|  |  | <p>3) Grendalaget holder på å søke milder til prosjektet sine to første tiltak: rehabilitering av ballbinge og etableringa av pumptrack. Per dags dato har vi fått 280 000 kr frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og 100 000 kr frå Luster sparebank, samt 23 500 kr frå Sogndal kommune, og me venter svar på fleire søknader.</p> <p>4) «Snarvegen» gjennom friområdet brukast av mange heile året, og treng oppgradering.</p> <p>5) Når Sogndal kommune skal utvikle Rutlin/Ulvahaugen til ein del av tettstaden med relativt høg tettheit, gode bukvalitetar og stader der folk kan møtast, må de tenke på at nærmiljøanlegget/leikeplassen i Rutlinslid er ein naturleg møteplass i området. For å opprettholde denne leikeplassen med fleire unger og flere tilflyttere trenger vi hjelp og midler til drift og vedlikehald.</p> | <p>5) Uttalen er teke til orientering. Reguleringsplanar gjer ikkje greie for drift og vedlikehald av området. Dette må avklarast i eigen avtale mellom grendalaget og kommunen.</p> <p><b>Uttalen fører ikke til endringar i planprogrammet.</b></p> |
|--|--|--|---|

